


SLUTTRAPPORT



ODDA2016
LITTERATURSYMPOSIET



OPPSUMMERING / TAL

Litteratursymposiet i Odda blei i 2016 arrangert 12. – 16. oktober, og var den 12. festivalen i rekkja. Tema for Litteratursymposiet i Odda 2016 var **HJELP**.

7500 publikummararar fann vegen til symposiets små og store arrangement: 86 arrangement fordelt på om lag 20 arenaer, av desse var det 23 program for barn og unge, på skular og barnehagar i Odda og Ullensvang, samt eit par opne arr. i helga. Om lag 80 deltakarar medverka i programmet: forfattarar, musikarar, utstillarar, ordstyrarar og paneldeltakarar.

Økonomisk gjekk Litteratursymposiet i Odda 2015 med eit lite overskot på kr 30 000,-. Vi opplevde ei rekordstor auke i billettinntektene, men hadde òg høge utgifter.

Tilbakemeldingane frå både publikum og deltakande gjester er svært gode. Forfattarane skryt av godt vertskap, ein stort og godt publikum og generelt god stemning. Publikum let vel over nivået på arrangementa og den gode stemninga i byen.

Litteratursymposiet i Odda 2015 vart nok ein suksess, med god publikumsoppslutning, bra gjennomføring og god økonomi. Det er likevel nokre skjer i sjøen:

- Den største trusselen er at administrasjonen er for liten og veldig skjør, og arbeidspresset på festivalleiar er til tider voldsomt høgt.
- Vi hadde rekruttert for få frivillige, og det vart stor arbeidsbelastning på enkelte under festivalavvikling.
- Det er krevjande å få på plass lokale sponsorer

PRAKTISK GJENNOMFØRING

FESTIVALAVVIKLING: I løpet av dei siste åra har gjennomføringa av Litteratursymposiet etablert seg som eit velsmurd maskineriet òg frå innsida. Vi har relativt gode rutinar for logistikk og gjennomføring av arrangementa, og ein erfaren og dedikert arrangørgjeng som er trygge på sine oppgåver.

Vi var underbemanna på frivillige, men staben (kulturavd. i Odda kommune, frivilligsentralen og gode hjelparar) er løysingsorienterte og har høg arbeidskapasitet. Stort fråfall på tampen blant dei frivillige førte til mye arbeid på andre.

Vi opererer på mange ulike arenaer, nokon meir sjølvstendige enn andre. Sentralbadet Litteraturhus fungerte i år svært godt som sjølvstendig arena, med boksal, kafé/bar og arrangement.

ADMINISTRASJON

Litteratursymposiet er ein del av kulturavdelinga i Odda kommune. Frå kulturavd. i kommunen er særleg biblioteksjef Else Marie Sandal aktiv, som ansvarleg for barne- og ungdomsprogrammet under symposiet, kultursjef Lage Thune Myrberget er leiar og sparringspartner for festivalleiar. Kulturadm. v/ Meieriet og Frivilligsentralen er svært viktige. Nøkkelspelarar frå kulturkontoret gjennom mange år har gått over i andre stillinga, og staben er blitt noko tynnere dei siste åra.

Symposiet har sidan 2009 hatt ein 50 % stilling for festivalleiar, i ei prosjektstilling i kommunen. Ingvild Ystanes vart engasjert som festivalleiar 2015-2016. Festivalleiar er både administrativ leiar, kunstnarisk leiar, informasjonsansvarleg og i sto grad koordinator for det heile.

Kunstnarisk får vi god hjelp frå programrådet, som er med på å setje tema, og kjem med innspel på programmet undervegs. Forfattarane Frode Grytten og Marit Eikemo, forlagsredaktør Frode Molven, designar Augon Johnsen, kultursjef Lage Thune Myrberget, biblioteksjef Else Marie Sandal og festivalleiar Ingvild Ystanes er med i rådet. Desse har vore med i nokre år no, og for neste år ynskje vi å inkludere fleire personar i rådet, for å fornye dynamikken i gruppa og nå nye kontakt

Festivalen nyter godt av kommunale system og ressursar: Dei tilsette på kultur står for gjennomføringa av arrangementa under festivalen, IKT-avdelinga bistår med teknisk hjelp og utstyr, og stab/ fellestenester fakturerer og står for utbetalingar i ettertid.

Å drifte ein festival av dette formatet, med programmering, forfattarkontakt, logistikk, marknadsføring, søknader og sponorarbeid m.m. er krevjande. Festivalen blir veldig sårbar når berre ein person er fullt inne i oppgåvene og planane.

Vi engasjerte ein person som festivalassistent i ein 50 % stilling 6 veker før festivalstart, for å avlaste festivalleiar med praktiske gjeremål i perioden opp mot festivalavviklinga, då arbeidspresset er størst. Diverre vart ho sjukemeldt og ein del av oppgåvene kom tilbake til festivalleiar.

Vi har meldt om dette i fleire år, men no er tida inne til å setje ned foten og rope ut: *Litteratursymposiet i Odda har i dag ein for liten stab, og det er eit stort behov å få inn fleire personer i sentrale roller og omdisponere korleis vi jobbar med festivalplanlegging og – avvikling.*

FRIVILLIGE OG FESTIVALKONTOR

Utan eit dedikert lag av frivillige hadde det ikkje vore mogleg å arrangere symposium i Odda. Mange av dei frivillige er med år etter år og er ikkje vanskelege å spørje om vakter. «Dette er årets høgdepunkt. Klart vi vil hjelpe til», er gjennomgangstonen.

Kommandosentral og festivalkontor var i vår gode samarbeidspartnar NVIM sine lokale i Odda Vitensenter. Her hadde vi mottak av gjester, infosentral, møteplass, organisering av dei frivillige, billettsal - sentralt plassert mellom Lindeplassen og gågata. Lokala passa fint til formålet og plasseringa var perfekt.

Frivilligsentralen flytta ned den veka og drifta festivalkontoret. Frivilligsentralen v/ leiar Elin Myran har ansvar for å samle og koordinere dei frivillige, og fekk i 2016 eit stort ansvar bved óg å drifte festivalkontoret.

Vi opplevde i år at vi var underbemanna på frivillige. Ein del sjukdomsfråvær gjorde at vi til tider sto utan folk, men heldigvis var det nokon som tro til ekstra mykje.

Bluesklubben Lokst Utøve var som alltid teknisk arrangør. Dei gjer ein uvurderleg innsats med å klargjere arenaer til bruk, dei har kontroll på teknikken og kontakt mot lydfirma, er vakter og billettseljarar i Lindehuset og hjelper til med store og små ting som dukkar opp undervegs. Og når arrangementa er slutt, tek dei fatt på nedrigginga med godt humør. Stein Egil Legård er primus motor for gruppa og jobbar døgnet rundt under symposiet.

Om lag 70 personer var i sving som frivillige under symposiet, dei fleste med fleire vakter over fleire dagar.

PUBLIKUM OG BILLETTAR

Besøkstala for Litteratursymposiet i Odda landa på 7500 for 2016. Dette er ei god auke frå føregåande år, (6900 i 2015), men ikkje tidenes rekord. Publikum fordeler seg relativt jamt utover både dei litterære samtalane og på dei dei større ettermiddags- og kveldsarrangementa. Dei fleste gjestene går på fleire arrangement.

Vi sel ikkje festivalpass, kun enkeltbilletter til arr.

I år bytta vi billettsystem frå DX til Ticketco. Nettbasert system, i staden for å måtte gå via det kommunale citrix-systemet gav oss ein heilt anna oversikt og fleksibilitet. Diverre opplevde vi utfordringar ved billettsal knytt til teknikk. Sviktande Bluetooth-koplingar gjorde det tidvis umogleg å ta betalt og skrive ut billetter. Det var særleg på forhåndssalet på biblioteket det var utfordringar. Under festivalen var det ei utfordring å få eit heilt nytt system med ipader og betalingsautomatar distribuert mellom arenaene, og kopla på dei ulike netta. Fleire ipader med SIM vil løyse mykje.


Det litterære talkshowet på laurdagskvelden, Hallo Odda!, vart raskt utseld og det gjorde nok sitt til at det vart seld fleire billetter til dei andre kveldsarrangementa. Opningsforestillinga Litterær kraftstasjon var svært godt besøkt. På biblioteket sette dei publikumsrekord då Erika Fatland heldt foredrag om Sovjetistan for 165 publikummere.

Publikum var som tidlegare ein fin miks av lokale, utflytta oddingar, hyttefolk, besøkande frå nabokommunane og tilreisande gjester. Vi merka oss likevel at det i stor grad er folk som har relasjonar til Odda som kjem. Det var ikkje fullt på alle hotella, sjølv om det er fullt av folk i gatene. Der ligg det eit potensiale å jobbe med, i fellesskap med reiselivsverksemder i Odda.

ØKONOMI

Litteratursymposieøkonomien er om lag 2 millionar. Økonomisk gjekk Litteratursymposiet i Odda 2015 med eit lite overskot, på om lag 30 000,-. Vi opplevde ei rekordstor auke i billettinntektene, men hadde òg høge utgifter. Sjå vedlegg 1 for full økonomisk oversikt

INNTEKTER



Inntektene fekk vi i 2016 frå Norsk kulturråd, Sparebanken Vest (Ålmennyttige gåver), Fritt ord, Odda kommune, Hordaland fylkeskommune, Ullensvang herad, Odda Energi, samt


mindre summar frå lokalt næringsliv. Særs gledeleg var det at vi i 2015 fekk tilsagn om 2årig løyving frå Kulturrådet på kr. 500 000,- Det gjev oss ein trygghet til å jobba meir strategisk med å utvikle festivalen.

Vi opplever det svært ressurskrevjande å jobbe med lokale sponsorer, tatt i betraktning kor mykje vi får igjen for det. Med berre ein person tilsett i 50 % stilling var det lite rom til å bruka tida på dette. Søknads- og sponsorarbeid er tidkrevjande arbeid, og festivalleiar hadde liten arbeidskapasitet til å prioritere dette.

Av nye samarbeidspartar var at vi i år fekk oss transportpartner i Thord Paulsen AS. Dei frakta både varer og folk til og frå og innan Odda for oss, utan å fakturere for det.

Særleg gledeleg var det at vi opplevde ei monaleg auke i billettinntektene. Billettinntektene landa på like i underkant av 600 000, noko som utgjør 30 % eigeinntekter. Dette er svært høgt samanlikna med andre litteraturfestivalar. (ref. ØF-rapport 10/2015: «Litteraturformidling fra scene: Undersøkelse av litteraturfestivaler» viser at eigeinntekter ligg i snitt på 10-15 %).

UTGIFTER



Litteratursymposiet hadde eit rekneskapsført positivt avvik i 2015 på 200 000 (rekneskapsførd). I realiteten var dette noko lågare, då utgifter på omlag 50 000,- (honorar, overnatting, festival-assistent, bøker) vart fakturert så seint at det ikkje kom med før rekneskapsåret var avslutta. Dette vart ført på 2016-rekneskapsåret og verker inn på det årets resultat. Vi hadde og utgifter til oppgradering av dynamiske nettsider, innkjøp av merch, datautstyr m.m.

Samanlikna med tidlegare år hadde vi langt høgare honorarutgifter, då vi ikkje hadde så mange eksterne samarbeidsaktørar som bidrog på finansieringa i år, samanlikna med 2015. Honorarsatsane til Norsk Forfattarsentrum har og stige noko.

PROGRAMMET - Haustens vakreste eventyr

Litteratursymposiet kunne nok ein gang presentere eit program som heldt høgt kunstnarisk nivå og som vekker interesse langt utover Oddas grenser.

DELTAKARAR

Som vanleg var deltakarane ein fin miks av kjende og kjære symposievener og nye stemmer.

FORFATTARAR / ORDSTYRARAR/ DEBATT

Adele Lærum Duus
Alexander Løken
Anne Oterholm
Annette Münch
Beate Grimrud
Bergsveinn Birgisson
Bjørn Ingvaldsen
Cathrine Knudsen
Cecile Løveid
Davy Wathne
Eirik Ingebrigtsen
Eivind H. Evjemo
Elise Winthertun
Erik Fosnes Hansen
Erika Fatland
Espen Ingebrigtsen
Flu Hartberg
Fredrik Hagen
Frode Grytten
Frode Molven
Haile Bizen Abrha
Hallgeir Opedal
Hans Sande
Heidi T. Ryste
Henning Bergsvåg
Hilde Danielsen
Hilde K. Kvalvaag
Ida Hegazi Høyer
Jon Hjørnevik
Ingvard Wilhelmsen
Kristi Furubotn
Lars Ove Seljestad
Lindis Hurum
Margunn Vikingstad
Marit Eikemo
Merete Jonvik
Pedro Carmona-alvarez

Preben Jordal
Soudabeh Alishahi
Terje Tvedt
Thure Erik Lund
Tormod Haugland
Tor Arve Røssland
Øyvind Kvalnes
Skrivekunstakademiet i Bergen

MUSIKARAR / ANDRE KUNSTNARAR

Anders Bytustøyl
Dagfinn Iversen
Doug seegers
Einar Sogstad
Espen Rasmussen
Hans Kristen Hyrve
Hotel Sundal
Inger Mari Stråbø Melkeraaen
Jan Tyssebotn
Khaled Harara
Kristine Øyvang
Lars Eikemo
Leander Djønne
Linda Eide
Linda Schade Andersen
Magne Trengereid
Margot-Helen Rosvold
Odda groove orchestra
Odda musikklag
ragnhild Malfang
richard backer-owe
Teater Joker
Terje Kollbotn
Thea Hjelmeland
Thord paulsen
Tiebreaker
Tine Eide
Trygve Skaug

PROGRAMMET

Dei gjestande forfattarane har ulike inngangar til tema HJELP. I nokre forfattarskap er tematikken veldig openbar, andre har ei meir generell inngang. Dei ulike litterære samtalarne viser kor ope tema var; kor mange vegar inn det gav. Tema skal uansett ikkje bli ei tvangstrøye der alt skal dyttast inn i ein mal, men ei hjelp i programmeringa. Interessante forfattarskap og tema vil alltid vere aktuelle, sjølv om det tilsynelatande ikkje har noko med årets valde tema å gjere.

Her er nokre høgdepunkt og nye grep. Viser til katalog for full gjennomgang av programmet for festivalen slik det vart presentert for publikum.

NYE PROGRAMGREP

HALLO ODDA

For første gong på Litteratursymposiet: Hallo Odda! Verdas einaste litterære talkshow av og med forfattarar og oddingar. Marit Eikemo var kveldens vert og hadde med seg søskenbarnet sitt som side kick: industriarbeidaren, fiskaren og altmuligmannen Lars Eikemo. Gjestelista var lang og spektakulær, og programmet overskridande: forfattarar og sogemenn og menn som ingen treng, idrettsfolk og vinter-vegens heltar, ei klarsynt kvinne og ein mann med motvillig varme hender. Pedro Carmona-Alvarez stilte med husband.

Arrangementet vart fort utseld: over 450 publikummarar stilte i Lindehuset denne kvelden. Lengda på gjestelista var i overkant ambisiøst, og programmet vart alt for langt. Det får gå på nybyrjarkvota. Vi kjem til å halde på denne forma for formidling og forbetrar det til neste festival.

TERAPIROMMET - serie

Føler du deg litt tufs? Litteratursymposiet trer støttande til. Vi hanka inn eit knippe alternative behandlarar som hjelper oss i nærområda, i tråd med HJELP-tematikken.

1. TERAPIROMMET – BIBELEN *"Eg lyfter auga mine til fjella. Kvar kjem mi hjelp ifrå?"*

Kva er det som gjer at Bibelen faktisk hjelper folk i dag? Formidlar boka nokre evige sanningar? I ei sjølvhjulpentid - er vi opne for hjelp frå Gud? Kristne unge gav oss ein smak av himmel, med lesing frå Bøkenes Bok og improvisert musikk. - ei nyskapande og vår stund som nådde nye målgrupper!

2. TEIKNESERIE SOM TERAPI Ofte er ikkje ord nok.

Fagprat er rutene til teiknemann Flu Hartberg kreert for allmenn sjelehjelp. Her møter vi ei rekkje raringar, og mange allmenngyldige verdiar, som gjev deg rare bilete i hovudet i tillegg til å setje ord på korleis ein har det. Buttar det i ekteskapet? Har du blitt sjuk? Fått ungar? Er du redd for slangar? Flu har teikneseriekartoteket fullt av striper som (kanskje) hjelper. - Ein morosam og inkluderande sesjon!

3. HJELP TIL SJØLVHJELP (Slik hjelper du deg sjølv på 58 minutt)

Dra alltid ned maska og plassér ho over ansiktet før du hjelper andre. Du er den viktigaste her på kloden. Det må du aldri tvile på. Du treng hjelp, og du treng det no.

Frode Grytten og Henning H. Bergsvåg viste oss korleis. Dei har lese alle sjølvhjelps bøker som er gitt ut dei siste 30 åra, og dei veit korleis du skal gå fram for å hjelpe deg sjølv.

Det blei mindfulness og sitjing i sirkel. Det blei rosiner i munnen og gitarspel med føtene.

Det blei tunge tak og sjansen til å finne sin indre Supermann.

- Ein hysterisk morosam sesjon!

BESTILLINGSTEKSTAR: HJELP, VI FLYR TILBAKE

Museumstunet i Folgefonngata, Odda sentrum, består i dag av fem hus. Folgefonngata 11 blei bygd i 1908 av Smelteverket. Her budde fire familiar. Odda Industristadmuseum, no Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, overtok husa i 1989, og har førd fire leilegheiter tilbake til slik dei såg ut i 1910, 1820 og 1950. Vi utfordra forfattarar til å ta oss med på ei tidsreise tilbake i leiligheitane: Beate Grimsrud, Hilde Kvalvaag og Lars Ove Seljestad skreiv nye tekstar til framføringa.

BESTILLINGSTEKST: HJELP- ESSAY

Professor Terje Tvedt heldt årets Hjelp-essay på opningsforestillinga. Han vil diskutere korleis mektige verdsbilete og sjølvbilete har hindra ein rasjonell debatt om nokre av samtidas viktigaste spørsmål, som menneskerettar, innvandring og kampen mot islamisme.

LESEHJELP – KURS

Overalt arrangerast det skrivekurs. På desse kursa er det alltid nokon som seier: Å skrive, det handlar i grunnen mest om å lese, om å vere ein god lesar. Symposiet baud på slike lesesamtalar for dei som bare vil lese! Anne Oterholm, erfaren lesar, forfattar og lærar på skriveskulen i Tromsø, var programvert for serien:

- LESEHJELP – OPNINGAR. Vi las dei første kapitla av tre bøker («Hvis du vil», Helle Helle; «Fortellingen om øde», Ida Hegazi Høyer; og «Lev vel, alle» av Hilde Kvalvaag). Korleis vert historia etablert? Kva liker vi?
- LESEHJELP – NÅR KARAKTERANE TRER UT AV BOKA. Anne Oterholm og Tormod Haugland i samtale med lesarane om fakta og fiksjon, personlege romanar og levande romankarakterar.
- LESEHJELP – MANN 72. Vi las novella Mann 72 («Menn som ingen treng», Frode Grytten) og snakka om den.

SØNDAGSFOREDRA: PROBLEMTENKING

Tidlegare år har vi ikkje hatt eit ambisiøst søndagsprogram, men ville no gjere søndagen til ein fullverdig festivaldag. Vi inviterte til foredrag i kinosalen med «proffer» innan sjølvhjelp:

Hypokonderlege Ingvard Wilhelmsen heldt eit av sine vidgjetne foredrag om uro og problemtenking, og om skiljet mellom det vi kan og det vi ikkje kan gjere noko med. Deretter møtte han Heidi T. Ryste til samtale og refleksjonar over korleis vi kan forhalde oss til sjukdom. Er det uflaks eller urett som gjer at nokon vert ramma? Responsen var overveldande: om lag 400 publikummarar strøymde til kinosalen, og gav ei fin avslutting på festivalen.

FRIBYFORFATTARAR

I råd med hjelp-tematikken var det naturleg å løfte fram Friby-ordninga og eit knippe forfattarar og musikarar som har fått hjelp via ICORN. Skjønnlitterær forfattar Soudabeh Alishaihi, rapar Khaled Hararar og forfattar og omsetjar Haile Bizen Abraha vart presenterte for publikum, på opningsforestillinga, med opplesingar, i litterære samtalar med andre forfattarar og med rap-.work-shop på ungdomskulen.

SAKPROSA OG DEBATT

Vi styrka sakprosaprogrammet samanlikna med tidlegare år. Debatter, foredrag og ulike former for møter med sakprosaforfattarar utgjorde om lag to femte-deler av festivalprogrammet. Sjølvhjelpsforfattarar, hjelpearbeidarar, dokumentaristar og deira dilemma, symposieseminar om biblioterapi, filosofikafé og ulike foredrag var noko av tilbodet.

KRITIKARSALONG

Av med silkehanskane! Kritikarar møttest til samtale om litteraturkritikk; om kritikken sine oppgåver og kritikarar sine ulike kvalitetsforståingar. Kva siktemål bør litteraturkritikken ha? Kva manglar i den offentlege samtalen om litteratur? Kva er kvalitet i litteraturen, og kvifor treng vi litteraturkritikk? Litteraturkritikarane Margunn Vikingstad og Preben Jordal møtte kritikk-forskar Merete Jonvik til samtale.

SYMPOSIEUTSTILLINGA: TRANSIT ODDA

TRANSIT er ei fotoutstilling om menneske på flukt. I seks år har fotograf Espen Rasmussen reist i spora deira, fylte med krig og frykt, men òg håp og vilje. Han har følgd spora til flyktningleiren i Kongo, til jordhytta i Bangladesh, til slummen i Colombia og til den nedlagde barnehagen i Georgia. På desse stadene fekk han høyre historiene deira.

Utstillinga var to-delt, som eit grep i å drive byutvikling og binde byen og smelteverkstomta saman. Hovudutstilling var i farbikkhallen Cyanamiden, satellittar utandørs i gågata.

Aktivisere smelteverkstomta og cyanamiden. Døgnopen utstilling i Gågata, trekker folk gjennom gata. Vi brukte fotspora som er årets logo til å vise veg gjennom Gågata og koplå byen og smelteverkstomta saman.

PROGRAM FOR BORN OG UNGE

Elevar i Odda og Ullensvang får besøk av nokre av våre finaste forfattarar og ein heil del teater! Adele Lerum Duus kom med teaterforestillinga *Farfars bombekrater* for dei minste. Ungdomane får besøk av Annette Münch med forestillinga *Bad boy steroid*. Alexander Løken og Kristi Furubotn besøkte skular i Odda, Røldal og Ullensvang. Tor Arve Røssland besøker ungdomskular og held skrivekurs på vidaregåande skule. Der hadde Øyvind Kvalnes halde aulaforedrag, og Hilde K. Kvalvaag og Flu Hartberg skal på forfattarbesøk.

Ungdomane på Odda ungdomskule og Odda vidaregåande hadde sett i gang eigne skriveprosjekt:

U-BAR

Elevar i Oddaskulen jobba med tekstproduksjon: korte twitter-tekstar, rap og forteljingar. Ein kveld på biblioteket presenterte dei noko av det, og delte scene med tre forfattarar som presenterte ungdomsbøkene sine: Tor Arve Røssland, Alexander Løken og Kristi Furubotn.

SKRIFTA PÅ VEGGEN

Elevar på Odda ungdomsskule hadde i forkant av symposiet ein tekstaksjon, der dei skreiv twitter-tekstar knytt til Hjelp. Skulen sendte ut invitasjonar til mange skular, der seks av dei vart med. Frode Grytten, Lars Ove Seljestad og Beate Grimsrud har også bidratt med tekstar. Skulane brukte Facebook som ein kanal der elevane har delt og lest kvarandre sine

tekstar, før dei vart delt i eit ope google-dokument. Odda vidaregåande skule er ein av dei som har bidratt, men også elevar frå mellom anna Sør-Fron i Gudbrandsdalen og Rothaugen i Bergen har vore med. Tekstane vart projisert på veggene mellom bygningane ved inngangen til smelteverkstomta under heile festivalen.

RAP-WORKSKHOP

Opningsforestillinga Litterær kraftatsjon opna symbolsk når elevar frå 8. trinn på Odda ungdomsskole kom inn med lys i lykter og sang «Har du fyr ..» av Lars Bremnes. Den var ramme om deres egne raptekster - fødselshjulpet av Frode Grytten og rap-tilpasset med hjelp av den palestinske rapperen og fribyforfatter Khaled Harara, som hadde jobba med elevane i symposieveka.

SAMARBEIDSPARTNARAR

SYMPOSIESEMINARET - ei hjelpande hand

I samarbeid med Hordaland fylkesbibliotek arrangerte vi eit 2-dagars seminar, for bibliotekarar, men ope for alle. Fylkesbiblioteket var nøgde med kurset og samarbeidet og ynskjer å vidareføre samarbeidet med årlege samlingar i Odda under symposiet.

Tema: Korleis kan litteraturen opna opp samtalerom og vere til HJELP? Foredrag v/ Linda Schade Andersen: «Shared Reading-metoden: fellesskap, innsikt og forandring gjennom litteratur», Ragnhild Malfang: «Å miste seg sjølv, å hjelpe seg sjølv, å finne seg sjølv – litteratur som vegvisar, døropnar og fristad», Hans Sande om «Poesi og provokasjon» og Bjørn Ingvaldsen om den einsame guten som lesar vart presentert.

NOPA-SAMARBEID

«Tekst som blir musikk» var tema for artistsamarbeidet. Vi ynskja å gjere den skapande prosessen meir forståeleg og synlig, særleg for målgruppa ungdom. Artistar og songskrivarar Lars Bremnes og Trygve Skaug vart engasjert til ein serie. Bremnes måtte melde avbod, men Skaug kom og tok publikum med storm. Han både spelte solokonsert, som vart filma. Videodokumentasjon: Kultursjefen var saman med Skaug i sitt filmstudio. Her vart Skaug intervjuet og dokumentert. Han fortalde meir inngåande om prosessen med å skrive nokre av sine songar. **UNDERVISNINGSSOPPLEGG:** I etterkant vart alt det digitale materialet klippa og redigert og lagt opp på ei egen nettside. Det vart og gjort intervju og opptak med Bremnes. Den pedagogiske ramma har fokus på det faglege ved teksten som grunnlag for musikk og video. Dette materialet gjev publikum ei djupare forståing av tekstskapande prosessar. Nettadressa for prosjektet er: <http://tekstsombliRMusikk.blogspot.no/>

LOKALE SAMARBEIDSPARTNARAR

I 2016 auka vi fokuset på våre fire største samarbeidspartnarar lokalt, Hardanger Folkeblad, Odda Energi, Sparebanken Vest og Odda kommune. Vi tok for oss symposiets tema og spurte daglig leiar og Ordfører om korleis dei er til hjelp for samfunnet, og korleis kulturen er til hjelp for dei. Filmene er eit eksempel på korleis vi ser for oss å produsere meir multimedia i samarbeid med artistar, organisasjonar og partnarar. Dette vil utvikle Symposiets aktualitet, relevans og samfunnsnytte.

Speleliste med fire partnarar: <https://youtu.be/vjC4cqk5YTk?list=PLfzMBfu3JxU4GKkpCEt8-7MRWtkk6Y7g7>

ARENAER

Symposiet har ein ambisjon om å drive arenautvikling i Odda, og ta i bruk nye hus der det passar.

LINDEPLASSEN - symposiets mest sentrale byrom

Vi ynskjer å byggje opp festivalområdet på Lindeplassen, med gratistilbod: konsertar, open mic og oplesingar. Vi inviterte inn Bien snackbar frå Bergen til å drive restaurant i Smelt – lokale, då den eksisterande kafeen gjekk konkurs sommaren 2016. Det tilførte området noko nytt! Bar, bokhandel og kafe i Sentralbadet litteraturhus.

LINDEHUSET – utfordringa

Lindehuset har vore symposiets storstove for dei store arr. Det er eit sjelfullt lokale, rett til littsymp-arr. og gir ein ekstra energi til arrangement. Men: bygget er dårleg vedlikehalde og råtnar på rot slik det står no. Det er knapt i bruk utanom symposiet. Det vert difor stadig meir krevjande å setje det i stand til arrangement. Bluesklubben, som teknisk arrangør, uttrykkjer frustrasjon over huset og tilstanden: Taket er ikkje tett, det er skite, og mugg i garderoben gjør den ubrukeleg. Brannvarslingsanlegget verkar ikkje skikkeleg, og slår stadig inn og medfører utrykking. Temperaturen er for ustabil, toalettforholda er kummerlege, og dersom det regner renner det inn i huset.

I 2016 løyaste vi det litt ved å organisere ein stor dugnad og kaste mykje bos som sto lagra. Vi fekk kommunens kostebilar til å ta grovsjauen med vasking av golv og avlasta difor Bluesklubben på førebuingssarbeidet. Samt at vi fekk løyve frå Brannsjefen til å kopla ut brannvarslingsanlegget, mot tilstrekkeleg og godt vakthald.

SENTRALBADET LITTERATURHUS i Odda er eit barn av Litteratursymposiet. Litteraturen si rolle i Odda er sterk og myteoppspanne, og det verka i si tid rett å freiste utvikle eit eige hus for litteraturen i Odda. Både fordi det var behov for den type scener, ein mellomstor arena, og som ein utviklingsambisjon for festivalen – å bli meir relevant gjennom året. Gjennom dugnadinnsats og arbeidstimar frå entreprenør og med raus stønad frå private og offentlege støttespelarar, opna Sentralbadet Litteraturhus i 2011, i den tidlegare garderoben til det nedlagde Odda smelteverk.

Huset er framleis under oppbygging. Vi vidareførte strategien frå 2015 med arr. i 1. etg og kafe og boksal i 1. etg. Stiftelsen sto for festivalbokhandelen og hadde kafe og bar heile dagen, og vart eit naturleg samlingsstad under festivalen.

ODDA FOLKEBAD For andre året hadde vi arrangement i svømmehallen Folkebadet: «Nattsvømming» og «Morgenbad». Her senker vi for alvor terskelen for kva ei litterær oppleving kan vere, og skaper ei magisk stund for og med dei badande.

ODDA KINO

Vi gjorde fleire skuleproduksjonar i kinosalen, og kunne dermed tilby større grupper av born dei same forestillingane. Live-sendinga til Salongen skulle vere her, men den vart avlyst pga sjukdom. Lokalet passa godt til foredrag med Ingvard Wilhelmsen søndag ettermiddag.

HARDANGER HOTEL

Arrangement både i hotellbaren (DJ på kveldtid + filosofikafe) og i lokala i 2. etg. Lokala er krevjande pga forma (lang tarm), men egner seg godt for dansen laurdags kveld. Fotballdebatten er fast her.

ODDA BIBLIOTEK

Biblioteket er arnested og hjarta i litteratursatsinga i Odda. Her hadde vi daglege arrangement/ litterære samtalar. Kapasiteten vart sprengd og ny publikumsrekord sett med Erika Fatland sitt Sovjetistan-foredrag. Det er noko eige i å sitje mellom bokreolene i det

myteoppspanne Odda bibliotek. Hardangersamlinga i kjellaren vart via til Terapirom-arena. Eit intimt og fint lokale.

IRIS SCENE

Bluesklubben sitt eigen lokale er godt eigna til mindre konsertar, med PA, scene etc på plass. Lokala vert og nytta til øvingsrom for band som spelar på littsymp på dagtid.

MEDIA / INFO

DIGITALKULTUR

Litteratursymposiet jobbar med å utvikla den digitale kulturelle plasseringa si, ved bruk av sosiale medie, dokumentarisk deling på soundcloud, youtube og instagram, samt produksjon til eigne produksjonar. Vi brukte bl.a. film og pre-produksjon på fleire av arrangementa. Den audiovisuelle profilen til littsymp utviklast vidare. både før, under og etter symposiet.

Filmproduksjon til eigenproduksjon Hallo odda: <https://youtu.be/hcoootsbimg>

Øyvind Kvalnes intervju i forkant av littsymp 2016: <https://youtu.be/ui6p8doa7b0>

Trygve Skaug om songen Martyren: <https://youtu.be/5pqc2idwjq>

LITTSYMPODKAST

Som del av strategien med å bli meir digitale, og spreie budskapet frå Odda til dei som ikkje er der, laga vi i 2016 for første gong eigen podcast!

Littsympodkastene vart laga av Tine Eide. Tine er journalist og radio-makar. Ho vann nyleg prisen som årets radiotalent i Prix Radio, radioverdas største bransjepris. Ho lager til dagleg podcaasten Til kolon, og radio-innslag til Salongen og andre program.

Tine laga 3 podcaster i forkant, der ho besøkte nokre av forfattarane som skulle til Odda, og tilbød dei hjelp til eit eller anna dei trong. Under symposiet var ho i Odda, og snakka med gamle og unge om bøker, om hjelp og om livet. Til saman åtte podcaster vart produsert og ligg tilgjengeleg på soundcloud og på www.litteratursymposiet.no

MEDIEDEKKING

Symposiet vart breitt omtala i lokale og regionale medie, og fekk noko nasjonal dekning. Bransjenettstaden Bok365.no hadde omtale både før og etter festivalen, og det gode resultatet vart referert i nasjonale medie.

SOME

Som tidlegare år ser vi at #littsymp blir ein snakkis på bloggar, Twitter og andre sosiale medium. Vi har engasjert eigne folk til å twitre og poste på Facebook og Instagram, og opplever god dialog med brukarane. Dette er eit felt vi kjem til å jobbe meir med framover.

OPPSUMMERING/ FRAMTIDSPLAN

I tida framover vil det vera naudsynt å jobba med å få på plass fleire samarbeidspartar. Vi må sjå vidare på organisasjonsmodellar og koplinga til Sentralbadet Litteraturhus og den øvrige kultursatsinga i Odda. Dei gledelege økonomiske resultatata i 2015 viser at det kan vere rom for å engasjere fleire folk i staben

Ei stor del av løyvingane til det kunstnariske innhaldet er avhengig av nye søknader år for år, både kulturrådet og Fritt ord og andre. Då må det både finnast ressursar til å skrive søknader, og ei vilje ute til å satse på litteraturfestivalar. Av «faste midlar» bidreg Odda

kommune med 300 000 kr årleg. Dette gjev nok stabilitet til å kunne engasjere festivalleiar. Ressursane som blir nytta frå det kommunale systemet er avhengig av at det er politisk og administrativ vilje til å satse på symposiet i kommunen.

Den litterære satsinga i Odda er no så ambisiøs og så omfattande at det er for stort arbeid for ein person i ei 50 % stilling. I dag er festivalleiar i tillegg den som i realiteten drifter Sentralbadet litteraturhus. Gjennom 2016 vart det gjort eit løft for Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus under parolen styrt utvikling. Arbeidet har vore naudsynt for å styrke stiftelsen Sentralbadet Litteraturhus som organisasjon, og har gitt gode resultat. Ambisjonen er å etablere Sentralbadet som det Litteraturhuset det var meint å vera. I mai 2017 tilset styret Ingvild Ystanes som arbeidande styreleiar som skal jobbe med organisasjonsutvikling av stiftinga, med mål om å tilsetje dagleg leiar i 2018.

Skal Odda framleis ha Litteratursymposium og eit aktivt Litteraturhus, er det nødvendig å vidareføre og styrke staben profesjonelt. Det er eit sterkt behov for ein ekstra person, fleire hender og hovud i arbeid, i oppkøyringa til festivalen, og til å drifte den litterære satsinga gjennom året. **Enten må ambisjonsnivået senkast eller ressursane til administrasjon aukast.**

I tillegg til å halde fram som arbeidet som vanleg, kjem Litteratursymposiet til å ha særskild fokus på følgjande oppgåver:

- Få på plass kunstnarisk leiar
- Vurdere organisasjonen og organisasjonstilknytninga
- Jobbe meir med regi
- Sal av pakkar for tilreisande utan lokal tilknytning, i samarbeid med reiselivsaktørar
- Digitale litteratursymposium: Streaming og opptak, videoproduksjon både i forkant, under og etter festival. Sosiale medium.
- Etablere ei gruppe av superfrivillige for festivalen, som kan ta større ansvar i førebuinga til festivalen
- Strategisk arbeid med publikumsutvikling

SLUTTORD

Nok ein gong har Litteratursymposiet skapt begeistring, undring, latter, provokasjon og ettertanke gjennom fem dagar med litteratur i Odda. Litteratursymposiet har kvart år vist at vi kan skape vekst og bidra til eit positivt omdømme for Odda og området rundt.

Festivalen er godt forankra hos nasjonale støttespelarar. Programmet viser at vi kan fornye oss og vere ein inspirerende møteplass for forfattarar og publikum. Festivalen er godt etablert, både i folks bevisshet, og apparatet som er bygd opp rundt logistikken verker bra. Litteratursymposiet har eit godt ord blant forfattarar og musikarar, og har mange gjengangarar både blant publikum og forfattarar.

Arbeidet med program for årets Litteratursymposiet er godt i gang. Tema i 2017 er Kapital.

Vi takkar våre sponsorar og samarbeidspartnarar for bidraga til festivalen , og håper på eit fruktbart samarbeid i tida som kjem.

VEDLEGG:

- Økonomisk oversikt + kontooversikt Odda kommune
- Katalog for Litteratursymposiet i Odda 2016

VEDLEGG 1 – ØKONOMIOVERSIKT // REKNESKAP

Økonomisk oversikt Litteratursymposiet i Odda 2016

Konto (T)	budsjett	Regnskap	Konto
Løn/pensjon/arbeidsgiveravgift	330 000	308 612	10301
honorar som lønn	30 000	82 570,00	10500
ekstrahjelp	5 000		10901
diverse / uforutsett	45 000	3207	12004, 1102, 1103, 11301, 15004
Matvarer	10 000	14 736,12	11150
Servering	90000	109 677,56	11151
Annet forb.mater./tjenest	232 000	173 231,70	11200
Utg.dekn. ikke oppg.plikt	80 000	147 980,36	11206
IKT/ tele/data	20 000	10 870,00	11303, 11304, 1200 12003
Mobiltelefon	3000	3 193,00	11304
Annonser/reklame	60 000	40 637,60	11400
Trykking/ kopiering	50 000	57 211,00	11401
Informasjonsmateriell	150000	113 272,40	11403
Oppl./kurs ikke oppg.pl.		15 157,70	11500, 11600
Transportutgifter	100000	94 901,84	11700
Leie av lokaler	30000	17 500,00	11900
Avgifter,gebyrer,lisenser	10000	5 318,00	11950
Driftsavtaler lisens dataprogr.	35 000,00	13 320,00	11954
Konsulenttjenester	600 000	699 301,02	12700
Merverdiavgift utenfor mva-loven		95 699,28	14290
Overf. til andre (private)		5 000,00	14700
SUM	1 880 000	2 011 397	

Konto (T)	budsjett	Regnskap	Konto
Avgiftsfritt salg m/oppdragsgiver		-13 020,00	16200
Billettinntekter	450 000	-530 181,37	16290
Kontantsalg m/mva	15000	-11 471,34	16502
Refusjoner fra staten	500000	-490 000,00	17000
Mva.kompensasjon, drift		-95 699,28	17290
Refusjoner fra fylkeskomm	208000	-208 000,00	17300
Refusjoner fra kommuner	30000	-30 000,00	17500
Refusjoner fra andre (private):			17700
Sparebanken vest	100 000,00	-100000	17700
NFF	50 000,00	-50 000,00	17700
Odda energi	25 000,00	-25 000,00	17700
Andre lokale	30 000,00	-9 720,00	17701
Fritt ord	150 000,00	-150 000,00	17700
NOPA	30 000,00	-24 295,00	11701
Odda kommune	300 000	-274009,59	
SUM	1888000	-2 011 396,58	

Konto	Konto (T)	Ansvar	Regnskap
10301	Engasjement	2400	227769,23
10500	Annen lønn	2400	82570,00
10901	Pensjon	2400	43125,00
10904	Ulykkes/gr.livsforsikring	2400	198,30
10990	Arbeidsgiveravgift	2400	37520,40
11002	Ab., aviser, faglitteratur	2400	1530,00
11003	Tonere og datarekvisita	2400	271,20
11150	Matvarer	2400	14736,12
11151	Servering	2400	109677,56
11200	Annet forb.mater./tjenest	2400	173231,70
11206	Utg.dekn. ikke oppg.plikt	2400	147980,36
11301	Porto/ bankgebyr	2400	25,00
11303	Datakommunikasjon	2400	845,60
11304	Mobiltelefon	2400	3193,00
11400	Annonser/reklame	2400	40637,60
11401	Trykking/ kopiering	2400	57211,00
11403	Informasjonsmaterieil	2400	113272,40
11500	Oppl./kurs ikke oppg.pl.	2400	3711,00
11600	Kost/opphold/reiseutg.	2400	11446,70
11700	Transportutgifter	2400	94901,84
11900	Leie av lokaler	2400	17500,00
11950	Avgifter, gebyrer, lisenser	2400	5318,00
11954	Driftsavtaler lisens dataprogrammer	2400	13320,00
12000	Inventar og utstyr	2400	2792,00
12003	IKT - utstyr	2400	7233,00
12004	Bøker folkebibliotek	2400	1282,30
12700	Konsulenttjenester	2400	699301,02
14290	Merverdiavgift utenfor mva-loven	2400	95699,28
14700	Overf. til andre (private)	2400	5000,00
15004	Forsinkelsesrenter	2400	98,37
16200	Avgiftsfritt salg m/oppdragsgiver	2400	-13020,00
16201	Avgiftsfritt salg u/oppdragsgiver	2400	0,00
16290	Billettinntekter	2400	-530181,37
16502	Kontantsalg m/mva	2400	-11471,34
17000	Refusjoner fra staten	2400	-490000,00
17290	Mva.kompensasjon, drift	2400	-95699,28
17300	Refusjoner fra fylkeskomm	2400	-208000,00
17500	Refusjoner fra kommuner	2400	-30000,00
17700	Refusjoner fra andre (private)	2400	-325000,00
17701	Ref. fra andre m/oppdragsgiver	2400	-38915,00
12503	Litteratursymposiet		269110,99
			269110,99

Rekneskapen til Odda kommune er revisorgodkjend.